



Elias-båtane var utruleg populære også i Uskedalen. I den første sit Arna Skeie saman med Vegard og Sindre. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Aktivetsdagen 2007 i regi av Aktivitetshusets Damevenner laurdag vart ein formidabel suksess i finveret, med eit overskot på rundt 30.000 kroner. Truleg var meir enn 400 innom på dei fire timane det tettpakka programmet vara. Men det er ikkje tvil om at det var programmet i seg sjølv som i minst like stor grad som veret gjorde utslaget. Det var meir innhaldsrikt enn i fjor. Ikkje minst dei unge hadde ein stor dag.

Dei to mest populære trekkplastrane gjev ein pekepinn om det:



Truleg var meir enn 400 innom båthamna under Aktivetsdagen. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Dei to eldrivne Elias-båtene til redningsselskapet kom ein time forseinka til Uskedalen fordi dei som kom med båtane mista ei ferje. Men resultatet var



Bygdas eigen trubadur Michael Røssland svikta ikkje denne gongen heller. (Foto: Ola Matti Mathisen)

likevel imponerende: Rundt rekna 125 ungar fekk seg ein tur ut av båthamna og inn att med dei populære båtane. Dette er ein genial måte å læra dei unge sjøvett på. Og så var turen gratis.

Men også "tøffetog" som besto av minitraktoren til Birger Myklebust og to vognar frå Husnes var ein stor suksess. Men så var også Birger den fødte togførar. Han mista rekninga før han ga seg, men truleg køyrde han så mange som 20 turar rundt i sentrum. Togturen var ikkje gratis og gav åleine rundt rekna 7.000 kroner til det gode føremålet!



Sumo er ein japansk brytesport som no har fått fotfeste også i Uskedalen! Her er ein nede for telling. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Og med det same vi er inne på transportmiddel: Også helikopteret til Fonnafly var i lufta det meste av dei tre timane det var i Uskedalen og atskillige fekk sjå distriktet frå ein ny synsstad.

Det vil føra for langt å gå i detalj om alle aktivitetane som damevennene hadde fått til. Men sumo-brytinga må ikkje gløymast, det var ein artig og for det fleste av ungene ny aktivitet.

Når det gjeld dei musikalske innslaga i år hadde vi gjerne høyrte meir av alle tre: Trekkspelklubben hadde spela frå seg før mange kom. Skulemusikken stilte som alltid viljug opp og bygdas eigen trubadur Michael Røssland sviktar aldri.

Linedansarane frå Just4fun blir flinkare for kvar gang vi ser dei .

Salsbodane baud på eit fristande mangfald, frå vevnader til spekepølse. Og Tore Mathiesen og hans stab selde sommarnummeret av Uskedalsposten i eit omfang som kan tyde på at ekstraopplag må til.



Therese Omdahl frå Bergen fekk seg ein helikoptertur til Mannsvatnet saman med Arne Haugland, som sit i forsetet. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Dei som hadde ansvaret for mat og drykk, til dømes helselaget, må heller ikkje gløymast, for det var ingen som gjekk svoltne eller tørste frå båtlaget sitt grøne område denne laurdagen. Vi har sagt det før og gjentek det: Her har Uskedalen ein "arena" som mange kan misunne oss.

Det er grunn til å glede seg til det neste, som er bryggedansen i slutten av månaden!

Det gjer godt med ein slik dag. Ikkje minst har den ein viktig sosial funksjon og bidreg til å knytte uskedelingane enda tettare saman.



Thomas og Tore Mathiesen og Eirin Kjærland selde Uskedalspostens sommarnummer og var svært nøgde med salet. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Det var ein omsetnad på 45.000 denne gongen og når utgiftene er trekt ifrå blir det att rundt 30.000. Det er dobbelt så stort overskot som i fjor. I nettoen inngår også 4.200 som var helselaget si inntekt på salet av kaffe og kaker og som er overlete til Aktivitetshusets Damevenner..

Det bør også nemnast at SPAR sponsa ei utgift på 2.000 til Elias-båtane.

Av Ola Matti Mathisen



Birger Myklebust hadde stor suksess som togførar , han passerte truleg 20 turar! (Foto: Ola Matti Mathisen)